

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 3. januar 2020 kl. 11.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Oppdrag knytta til luftambulansetenesta

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Einar Strømsvåg

Bente Pilskog

Bjørn Egil Vikse

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Eigardirektør Ivar Eriksen

Også til stades

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum

Avdelingsdirektør Kai Furberg

Seniorrådgjevar Rune Pedersen

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Ingrid Risa.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Einar Strømsvåg og statssekretær Anne Grethe Erlandsen blei valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Oppdrag knytta til luftambulansetenesta

Det er behov for at spesialisthelsetenesta i fellesskap set i verk tiltak for å gjenreise tilliten til luftambulansetenesta i Nord-Noreg, både hos befolkning og hos helsepersonell. Som ledd i dette er det ønskjeleg å setje inn eit ekstra jetfly i Tromsø og eit ambulanshelikopter i Kirkenes gjennom denne vinteren.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka om å:

- *arbeide for å finne ei løysing for eit ambulanshelikopter stasjonert i Kirkenes gjennom vinteren 2020. Dette skal erstatte helikopteret til Forsvaret som i dag er stasjonert mellombels i Kirkenes. Basert på erfaringane frå dette skal Helse Nord RHF vurdere behovet for eit permanent ambulanshelikopter i Kirkenes.*
- *arbeide for å få på plass eit ekstra jetfly i Tromsø gjennom vinteren. Dette skal avlaste dei flya som kan dekke kortbanenettet. Eit jetfly kan ta lengre oppdrag, spesielt til Svalbard, og vil da sikre at kortbanenettet får ein styrka beredskap. Jetflyet i Tromsø kjem i tillegg til det jetflyet som allereie står på Gardermoen.*

Meirkostnadar knytta til ekstratiltaka skal delast mellom dei regionale helseføretaka etter eigardel.

Protokolltilførsel fra styremedlemmer valgt av og blant ansatte:

«Disse styremedlemmene mener at den operative driften av luftambulansene må organiseres i offentlig regi under de regionale helseforetakene og ikke konkurranseutsettes. Vi forventer at den forestående utredningen av drift av luftambulansetjenesten (Ekspertutvalget) sikrer bred

medvirkning og involvering av berørte ansatte og deres organisasjoner, basert på avtaleverkets prinsipper for informasjon, samarbeid og medbestemmelse»

Møtet vart heva kl. 11.19.

Oslo, 3. januar 2020

Anne Grethe Erlandsen

Einar Strømsvåg

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar